



Elevrådsrepresentantane

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3198 - 16/9531

Saksbehandlar:

Hilde Marit Reigstad

Hilde.Reigstad@lindas.kommune.no

Dato:

08.04.2016

Referat frå elevrådsmøte 08.04.2016

Til stades: Lukas 4A, Mina 4B, Jakob 4C, Henrik 4D, Elias 5A, Frida 5B, Alexander 5C, Phillip 6A, Elias 6B, Maria 7A, Thomas 7B, Malin 7C og Julie 7D.

19-2015/16 Friminutta.

Det går stort sett greitt i friminutta. Det er litt tilbakemeldingar på at nokon klassar nyttar ekstra mål på fotballbana. Når nokon har kome i gong med speling, vil dei ikkje slutte for å gje eit mål ifrå seg til nokon andre. Det er ønskjeleg frå 4. og 5. trinn at ein vaksen deler inn i lag (spesielt i ballbingen). Det er sterke ønskje om at alle må få tilbod om å spele fotball kvar dag. Nokon er negative til at fotballbana evt skal kunne brukast til andre aktivitetar. Det er og ønskje om å dele inn trinnvis/klassevis som vi gjer no. På småtrinnet er det mindre fokus på fotball og meir politi-og røvar-leik på fotballbana. På mellomtrinnet er det stort sett berre fotball som er gøy. Det er viktig å tenkje på dei som ikkje liker fotball, men som er med likevel fordi det ikkje er nokon som vil gjere andre ting. Dette kan gjere sitt til at nokon ikkje har så gode friminutt.

Det er ønskjeleg å halde fram med aktivitetsleiarar. Det er elevar som kjenner på at køene til fun battle er for lange. Det er dei same klassane som kjem ut litt tidlegare og dei same som alltid må stille seg sist i køen. Det tar lang tid når alle har tre liv. Det er få elevar som får vere med på denne aktiviteten samtidig. Når ein ikkje får vere med ein måndag, er det lenge å vente til måndagen etter. Kunne ein hatt ei veke med berre fun battle og ei veke med berre stikkball?

Når det gjeld stikkball, blir det «alle fri» for ofte. Elevane kunne tenkje seg ei stoppeklokke som pip når alle er fri. Nokon skyt for hardt. Det er viktig å ta omsyn til alle som er med. På den annen side må elevar tole litt når ein er med.

Tysdagar, onsdagar og torsdagar er bingen fordelt etter trinn. Gutane og jentene på eit trinn har då bingen anna kvar veke. Det er lov til å komme opp og låne fun-battle. Då må ein til to elevar ta på seg ansvaret for utstyret.

Det skjer tydeleg nokre uønska hendingar ute. 4. trinn tar opp ein del. Det kan bli «slåsskamp» pga ueinigheit om eit frispark i fotball. Det er viktig at elevar som reagerer på ting tar det med vaksne ute.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Konfliktar skal bli ordna opp i. Det er viktig at den enkelte kontaktlærer får beskjed slik at slike ting kan jobbast med i dei ulike klassane.

20-2015/16 Elevrådskafè

Det blir elevrådskafè med sal av hamurgar og juice fredag 29. april. Lister blir levert ut på måndag. Elevrådsrepresentantane leverer inn ferdig utfylt liste fredag 22 april. Elevane får kjøpe inntil to hamburgerar og ein juice.

21-2015/16 Innkjøp av spel/aktivitet.

Kjøpe inn flagg og vestar til å kunne spele «Fang flagget». Andre ting som kan kjøpast inn er strandsett med to platar med borelås og ein tennisball. Utesjakk er og ønskjeleg. Elles er det ønskje om fleire spel inne – fotballbord, air-hockey, shuffle board. Fleire «vanlege» spel er det og ønskje om. Elevane har no spelt alt som er og vil ha andre typar.

Det er ønskjeleg med spel eller aktivitetar som fleire enn to kan vere med på. Hilde vil søkje opp aktivitetsutstyr som elevrådet kan sjå på.

Elevrådet er positive til å ha aktivitetsleiarar vidare. Ein tenkjer at desse kan arrangere ulike stafettar ute. Då må dei ha stoppeklokka tilgjengeleg. Bondesjakk med menneske kan og vere ein idè. Då må det sprayast bondesjakk på bakken.

22-2015/16 Elevundersøking.

6. og 7. trinn er med på Elevundersøkinga i regi av udir. Skulen vil no gjennomføre ei intern elevundersøking på 4. og 5. trinn. Denne vil bli sett opp mot tala vi har fått på 6. og 7. trinn.

23-2015/16 Eventuelt.

Med helsing

Hilde Marit Reigstad
inspektør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Leif Bjørnar Hopland

Mottakarar:
Elevrådsrepresentantane